



Sentrale personar i det kristne barne- og ungdomsarbeidet i Uskedal sokn. Frå venstre: Jon Harald Kjærland, Eva Megyesi, Selma Eik, Kristine Hestad, Lina Håland, Svanhill Haugland. Oddbjørg Heimark og Nelly Kjærland var ikkje på plassen då bilete vart teke.

**Torsdag kveld vart Lutheråret markert med historisk og morosam kabarèt og medarbeidarfest i Valenkyrkja. Ei profesjonell gruppe frå 'bedehuslandet' Finnøy i Ryfylke stod for ei 90 minuttars framsyning som kan seiast å vera kyrkjesoga frå 95 teser på kyrkjedøra i Wittenberg i 1517 til Folkekyrkja er eit faktum i Noreg i 2017. Eit tiltals personar møtte fram frå Uskedal sokn og fekk ei innføring i viktige hendingar i kyrkje- og kristenlivet i 500 år.**

Det var på alle måtar ei vellukka samling av alle sokneråda og dei med arbeidet sitt i kyrkja i Kvinnherad. Det var representantar frå heile 9 sokner med tilsaman 60 gjester på medarbeidarfesten. Kristine Hestad og Torild Langeland takka alle frivillige som la ned eit stort arbeid i gjennomføringa av trusopplæringsprogrammet.

Ellingur Nielsson, kyrkjevevje i Kvinnherad, sa fram helsing og fortalde om oppveksten i eit kristent miljø i Frelesarmeen på Island. Han nemnde særleg ei kvinne i kyrkjelyden med stor tiltru og som var ein samlande ressursperson for alle, born og vaksne.

Det er to år sidan det var medarbeidarfest. Etter tilskipinga i år reknar vi med at dette vert ei årleg markering.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal